

Protokoll frå styremøte i Helse Fonna HF

Tid: 21.12.15 Kl. 09.00 – 13.00
Møtestad: Møterom føretaksleing 6.etg.Haugesund sjukehus

Deltakarar frå styret

Til stede:

Kjell Arvid Svendsen
Brian Bjordal
Hilde Christiansen
Solfrid Borge
Gunnar Birkeland
Liv Kari Eskeland

Leiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem tilstade tom sak 78/15 O
Styremedlem

Kjetil Andre Våge
Helge Espelid
Nina Budal
Laura Lill Haavik

Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Vararepresentant

Deltakarar frå administrasjonen

Olav Klausen Administrerande direktør
Margareth H. Langebro Kommunikasjonssjef
Ingebjørg Kismul Administrasjonssjef

Sakliste

- Sak 84/15 A Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 85/15 A Protokoll frå styremøte i Helse Fonna HF 27.11.15
Sak 86/15 O Administrerende direktør si orientering
Sak 87/15 A Rapport frå verksemda
Sak 88/15 A Folgefonn DPS
Sak 89/15 O Leiingas gjennomgang av internkontroll
Sak 90/15 A Årsplan for styret i Helse Fonna 2016
- Sak 91/15 Eventuelt
Skriv og meldingar
- Sak 92/15 A Lukka del jf. Helseføretaksloven § 26 a, 2.ledd. nr.1
Styrets eigenevaluering og evaluering av administrerende direktør

84/15 A Godkjenning av innkalling og dagsorden for styremøte 21.12.15

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtok at sak 92/15 A «Styrets eigenevaluering og evaluering av administrerende direktør»,, blir behandla i lukka styremøte. Lukka jf. Helseføretaksloven § 26a

Innkalling og dagsorden ble godkjent.

85/15 A Protokoll frå styremøte i Helse Fonna HF 27.11.15

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjente og signerte protokollen frå 27.11.15

86/15 O Administrerende direktør si orientering

Oppsummering:

1. Kvalitetsprisen 2015.

Seksjonsleiar Berge S. Andreassen orienterte. Øyre-nase-halseininga (ØNH) vann i november 2015 kvalitetsprisen i Helse Fonna. Det er laga informasjonsfilmar om dei to vanlegaste operasjonane ved eininga: Fjerning av mandlar og innlegging av ventilasjonsrøyr i trommehinna («dren»). Dette er gjort med støtte av såkornmidlar frå Helse Vest. Kommunikasjonsavdelinga i føretaket har stått for filming og redigering.

2. Bygg Haugesund2020

Status bygg Haugesund sjukehus. Prosjektleiar Laila Nemeth orienterte om status for prosjektet.

3. Klinisk nevrofysiologi

Administrerande direktør viste til vedlagt notat.

4. Styremedlem Helse Vest IKT

Administrerande direktør er styremedlem i Helse Vest IKT og nestleiar i styret Sjukehusapoteka Vest

5. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Viste til vedlagt notat

6. Oversikt over besvarte høyringar

Viste til vedlagt notat

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering

76/15 A Rapport frå verksemda

Oppsummering:

Økonomi

Prognosen for 2015 blir oppretthaldt på budsjettert nivå med 46 millionar kroner.

Akkumulert er det økonomiske resultat pr. november på 43,0 millionar kroner mot budsjettert overskot på 42,2 millionar kroner. Dette gir eit positivt budsjettavvik på 0,8 millionar kroner.

Inntektene totalt denne månaden viser eit positivt avvik på 3,3 millionar kroner. Rekneskapet for månaden syner at kostnadane til kjøp av varer og tenester gjev eit samla budsjettmessig negativt avvik på 1,2 millionar kroner.

Personalkostnadane inkludert innleie av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 1,3 millionar kroner.

Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit negativt avvik på 1,5 millionar kroner.

Pr oktober månad synar rekneskapen at det er gjennomført investeringar for totalt 79,8 millionar kroner. Det utgjer 79,05 % av det samla budsjettet for 2015.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 438,4 kroner, noko som er ein reduksjon på 20,4 millionar kroner i forhold til førre månad.

Behandlingsaktivitet og kvalitet, somatikk

Tal DRG poeng, sjukehusopphald, dagbehandling og polikliniske konsultasjonar er høgare enn planlagt.

Ventetid

Ventetida for alle behandla pasientar er 58 dagar, som er innanfor målkravet på 65 dagar. I styringsdokumentet for 2015 har eigar krevd at ventetida innan vaksenpsykiatrien skal vere under 45 dagar, innan barne- og ungdomspsykiatrien under 40 dagar og innan rusfeltet under 40 dagar. Det er berre innanfor vaksenpsykiatrien at føretaket er innanfor dei nye målkrava.

Fristbrot

Talet på fristbrot har gått ned, det var 17 ventande pasientar med fristbrot i perioden. Totalt var det 96 pasientar med fristbrot (1 %, ventande og behandla). 95 av desse var innan somatikken. Det var redegjort for alle fristbrota.

Korridorpasientar

Talet på korridorpasientar har gått opp til 2,7 prosent. Det var 206 korridorøgn i månaden.

Epikrisetid

80 prosent av epikrisene blei sendt innan fristen, noko som er ein betring på to prosentpoeng frå førre månad.

Utskrivingsklare pasientar

52 pasientar som var ferdig behandla låg i snitt seks dagar på sjukehuset før dei reiste heim, eller til institusjonsplass. Talet på utskrivningsklare pasientar og liggetid har auka frå førre månad.

Behandlingsaktivitet og kvalitet, psykisk helsevern

Tal døgnbehandling og polikliniske konsultasjonar for vaksenpsykiatri (VOP) er lågare enn plan. innan BUP er polikliniske konsultasjonar og lågare enn plan.

Sjukefråvær

Sjukefråvær pr. oktober er 7,4 %

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til etterretning.

88/15 A Folgefonn DPS

Oppsummering:

Administrerande direktør orienterte om prosessen knytt til evalueringa. Han refererte til protokoll frå AMU sak 111/15 den 16. desember 2015 og til protokoll frå drøfting med tillitsvalde og føretaksverneombod 15.12.15. Uttale frå Jondal kommune datert 16.11.15 og mottatt i Helse Fonna HF 20.12.15 blei delt ut til styremedlemmene. Styreleiar informerte om mail frå medarbeidar ved eininga sendt til styremedlemmene 16.12.15

Styret diskuterte saka og det var semje om at resultatata etter gjennomført prosess bør evaluerast.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Fonna HF tek tilrådingane i evalueringsrapport Folgefonn DPS til etterretning
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør tilpasse døgntilbodet og det polikliniske og ambulante tilbodet i Folgefonn DPS sitt opptaksområde til befolkninga sitt behov i tråd med tilrådingane i saka.
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør setje desse i verk i dialog og samarbeid med medarbeidarar, tillitsvalde og vernetenesta på ein slik måte at arbeidsmiljø og krav til kvalitet blir ivaretatt.
4. Styret i Helse Fonna HF ber om å bli informert om framdrifta i saka og at det gjennomførast ei evaluering av endringa

89/15 O Leiingas gjennomgang av internkontroll

Oppsummering:

Administrerande direktør orienterte.

Forskrift om internkontroll i sosial- og helsetenesta pålegg tenesta å ha eit system for internkontroll for å sikre at verksemda er organisert i tråd med krava.

Det følgjer av Helsedirektoratets rettleiar til forskrifta, IS-1183, at det er øvste leiar som har ansvaret for internkontrollen. For helseføretak er dette administrerande direktør.

Føremålet med leiingss gjennomgang:

1. å følgje opp dei måla som er sette
2. å gjere korrigerande tiltak
3. å vurdere oppfølging av korrigerande tiltak
4. å sørge for at internkontrollen er hensiktsmessig, tilstrekkeleg og effektiv, og at den tilfredsstiller krava i relevante lover og forskrifter

Administrerande direktør har sidan 2013 lagt fram leiingss gjennomgang av internkontroll i føretaket for styret i Helse Fonna HF.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Fonna tek saka til orientering.

90/15 A Årsplan for styret i Helse Fonna 2016

Oppsummering:

«Møteplan for styret i Helse Fonna HF 2016» blei vedteke i styremøtet 25.09.15 sak 64/15 A

I denne styresaka legg ein årsplan 2016 med oversikt over planlagde styresaker 2016 fram for styret. Gjer merksam på at det kan bli endringar.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Fonna HF vedtek årsplan for 2016

91/15 Eventuelt skriv og meldingar

1. Årsplan 2015 for styret i Helse Fonna HF
2. Riksrevisjonens kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2014 Dok. 3:2 (2015-2016)
Rapporten blir delt ut i møtet
3. Kvinnesland-utvalget Utval som skal utrede ny organisering av eierskapet til spesialisthelsetjenesten. Invitasjon til å gi skriftlige innspill.
4. Høringsinstanser Kvinneslandutvalget
5. Brev til datatilsynet frå Helse Vest datert 01.09.15 Krav om ytterligere redegjørelse for felles pasientdatabase i Helse Vest

Delt ut i møtet

Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2014 Dokument 3:2 (2015-2016)
Uttale frå Jondal kommune datert 16.11.15 Evalueringsrapport Folgefonn DPS – høyringsuttale
Brev med vedlegg datert 15.12.15 frå Helse Fonna HF til Helse Vest RHF «Regjeringa sin tiltakspakke for auka sysselsetting – innmelding av aktuelle tiltak

92/15 A Lukka del jf. Helseføretaksloven § 26 a, 2.ledd. nr.1 Styrets eigenevaluering og evaluering av administrerande dirktør

Oppsummering

Vedtak (samrøystes):

Evalueringa er gjennomført og styreleiar Kjell Arvid Svendsen vil formidla evalueringa til administrerande direktør Olav Klausen og Helse Vest RHF

Ref.: Ingebjørg Kismul

Kjell Arvid Svendsen
Styreleiar

Brian Bjordal
Nestleiar

Nina Budal

Liv Kari Eskeland

Pål Osjord Midbøe

Hilde Christiansen

Kjetil Andre Våge

Gunnar Birkeland

Helge Espelid

Solfrid Borge